

OM FASTE

I tidlegare tider vart bodet om å faste – det vil seie å avstå frå mat og drikke – teke bokstaveleg. Heilt fram til 1800-talet fylgde mange fastetradisjonar her i landet. I vår tid er fastetida helst ei tid for stillheit og meditasjon, som førebuing til påskehøgtida



Sjå kvarandre

Biskop Per Arne Dahl har i ei refleksjon rundt fastetida fokusert på at vi flyttar merksemda frå oss sjølve til kvarandre. At ikkje faste primært handlar om at vi som har det brukbart skal få det endå betre, men at vi meir enn før evnar å møte kvarandre si sårbarheit og smertelege livssituasjon. Livskvalitet handlar ikkje om å vere seg sjølve nok, men om å vere noko for andre.

Sjå den såra Gud

Vi er alle sårbare og vert merka av livet. Difor treng vi å dele det med nokon; "Del sorgi halv. Del gleda dobbel" som det heiter i eit ordtak frå Telemark. Slik blir faste óg å rette blikket mot påskens mysterium: Gud er ein Gud med sårmerker – som vedkjenner seg oss i vår skrøpelegheit.

Sjå skaparverket

Fastetida er óg å feste blikket på den sårbare kloden vår. Vi veit vi djupast sett ikkje har noko val om vi vil overleve. Verda har ikkje ressursar nok for grådigheita vår, men nok til å dekke alle sine behov om vi deler. 'Måtehald til livets pris', taler biskop Dahl om. Eit 'nei' kan slik bli eit 'ja' – mindre kan bli meir. Har vi råd til å gå glipp av dette? God faste!

Hareid kyrkje og

FASTETIDA 2020



Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund, å dela ditt brød med svoltne og la hjelpelause og heimlause koma i hus. Jes. 58,8

Hjarteleg velkomne alle og einkvar

Velkomne til samlingar med ettertanke

Hareid kyrkje inviterer til samlingar kvar onsdag i fastetida, i tillegg til vanlige gudstenester. Innhaldet er variert, og vi vonar her er noko for ein kvar smak.

Program

Onsdag 26.februar kl.20:00 Oskeonsdagsgudsteneste
Biskop Ingeborg Midttømme, Barbro Landmark, Ida Teige og Grimstadkoret, Jenny Helen Korsnes, misjonsutvalet med kveldsmat.

Onsdag 04.mars kl.19.30 «Fastetekstar og ynskjesalmar»
Eldrid Gryt og Leidulv Ø.Grimstad.

Onsdag 11.mars kl.19.30 «Landstad, hans liv og diktning»
med Kjell Einar Ljones.

Onsdag 18.mars kl.19.30 Salmekveld «Til ro og ettertanke»
Musikklaget Melshorn og forsongargruppe. Kveldsmat

Onsdag 25.mars kl.19.30 Solidaritetsgudsteneste med
konfirmantar, Lars Hartig -Tangedal, Hareid Ten-Sing m.fl.

Onsdag 01.april kl.19.30 Påskevandring for ungdom/
vaksne. Barbro Landmark, Ida Teige m.fl.

Gudstenester kvar søndag kl.11.00

Søndag 08.mars vert på Hjørungavåg bedehus, dei andre i kyrkja.

Smakebit av programmet:



Oskeonsdagsgudsteneste

Onsdag 26.februar kl.20.00 NB! Merk tida!

- Biskopen
- Misjonsutvalet
- Kveldsmat



Salmekveld

Onsdag 18.mars kl.19.30

- Fastesalmar
- Musikklaget Melshorn
- Forsongarar



Påskevandring for vaksne

Onsdag 01.april kl.19.30

- Vandring gjennom påskedagane
- Barbro Landmark
- Song



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn